

## **Referat elevrådsmøte 16.02.2017**

Møtt: Julie (4a) Isabella (4b), Liam (5a), Ivan (5b), Fredrik (5c), Dennis (5d), Simon (6a), Solveig (6b), Malin (6c), Eivind (7a) og Moemel (7b).

Saker:

15-2016/17      Oppsummering og trekning av vinnarar i garderobeaksjonen.

Leiar og nestleiar trakk vinnarane av årets garderobeaksjon. Vinnarane vart 4a og 7b, elevrådet gratulerer vinnarane!

Det er elevrådet som har inspirert gangane og dei opplevde meir orden på gangane utover i aksjonen, men det var ofte stor variasjon frå gang til gang.

Elevrådet anbefaler aksjonen til neste år også, elevane likte å gå inspeksjonar. Ein endring elevrådet ynskjer for neste år er at ein går gjennom kriterielista og gjer den meir tydeleg. Det var nokre av kriteria som likna litt mykje på kvarandre, dei kunne ein ha slått saman.

16-2016/17      Aktivitetar i friminutta.

Elevrådsrepresentantane hadde mange gode innspel frå klassane på kva aktivitetar dei ynskjer seg i friminutta. Aktivitetar elevane kom med:

Stikkbball, politi og røvar, bomgjømsle, streken, fun-battle, hi-ha-ho, bomba, fang-flagget, kanonball, tikken, gjømsle, boksen går, gi et lite vink, Ultimate frisbee, brentball og hoppetau.

Av turneringar og konkurransar hadde elevrådet følgjande forslag:

Volleyballturnering, fotballturnering, kubekonkurranse, innebandy i bingen, basketturering i bingen, kames-turnering, dansekonkurranse, bordtennisturneringer og fun-battle turnering.

Elevrådet foreslo at ein kunne blande aktivitetsleiarar mellom klassene slik at ikkje aktivitetsleiarane er frå same klasse. Ein kan også organisere det slik at ein av aktivitetsleiarane har ansvar for organisering av leiken, medan den andre tek seg av det å samle saman folk.

Vi tok og opp saken med å ha elevrådsgymsal ein gong i veka. Elevrådsgymsal er å invitere to og to klassar til å vere inne i gymsalen i storefri og at 4 elevar i elevrådet byter på å lede og organisere leikar til klassane. Elevrådet stemte for å prøve ut dette i vekene mellom vinterferien og påskeferien.

17-2016/17      Eventuelt.

Ingen eventuelt saker

**Referent:** Idar Rykkje Hopland